



# RUTINE MØTEPlass FOR UNGDOM



## INNHALD

INNLEIING .....	1
MÅLSETTING .....	2
Målsetting 1: .....	2
Målsetting 2: .....	2
OPEN KVELD OG ANDRE ARRANGEMENT .....	3
ORGANISERING .....	4
Miljøarbeidarane .....	4
Foreldre og vaktordning .....	4
Samarbeidspartar .....	5
Kartlegging av ungdommen sitt behov .....	5
ÅRSJUL .....	6
RETNINGSLINJER FOR OPEN KVELD .....	7



# INNLEIING




I Aukra kommune si samfunnsplan er barn og unge eit av fleire hovudtema med vedtekne satsingsområde, mål og strategiar. Under tema *psykososialt oppvekstmiljø* er møteplassar kor ungdom møter faste tilsette vaksenpersonar, eit av punkta.

I tillegg til å nå måla i samfunnsplanen ønskjer kulturavdelinga å bidra til at Aukra lever opp til det afrikanske ordtaket: «Det skal ein heil landsby til for å oppdra eit barn». Ordtaket er i tråd med organisasjonen MOT sine visjonar, om å trygge barn og unge sine oppvekstvilkår i lokalmiljøet. Som MOT kommune er kulturavdelinga opptatt av å etterleve MOT sine visjonar og har over tid som prosjekt utvikla møteplassar med faste vaksenpersonar som jobbar for inkluderande fellesskap som fremmar trivsel og tryggleik.



# MÅLSETTING



## Målsetting 1:

### Trygge møteplassar med faste vaksenpersonar

Målet med møteplass for ungdom med fast vaksenperson er å tilby ungdom trygge og føreseielege møteplassar kor det er tilrettelagt for ulike aktivitetar som skal vere på ungdommen sine premisser. Ein skal jobbe for eit større samhold mellom ungdommane på fastlandet og øydelen og «minke» avstanden over fjorden.

## Målsetting 2:

### Samarbeid på tvers av frivillige lag, organisasjonar og kommunen sine tenester

Dei ulike aktivitetane skal vere eit samarbeid på tvers av frivillige lag, organisasjonar og kommunesektoren. Dette vil i større grad medverke til å rekruttere ungdom til ulike fritidsaktivitetar og at fleire blir aktive inn i Aukra-fellesskapet. Eit slik samarbeid mellom frivillige og kommunale tenester vil legge til rette for heilskapleg tenking og fokus på «24 timars ungdommen». Samarbeidet vil også i større grad bidra til å førebygga utanforskap og nå målet om at alle skal kjenne at dei høyrer til i Aukra.

# OPEN KVELD OG ANDRE ARRANGEMENT



Kulturavdelinga i Aukra tilbyr eit kommunalt ungdomsklubb-tilbod til ungdom frå 8. trinn til og med 17 år. Tilboda vert koordinert av miljøarbeidarane i kulturavdelinga og er i samarbeid med foreldregruppa og andre ressurspersonar. Dei aller fleste tilboda er gratis.

Kvar veke blir det arrangert Open kveld og Etter skoletid på Sentral'n på kulturhuset. I tillegg til dette blir det månadlege arrangement med ulike tema og gjerne i andre lokale enn kulturhuset. Tilbodet blir også gitt i skoleferiar der dette er hensiktsmessig.

Open kveld, Etter skoletid og månadlege arrangement er faste tilbod. Miljøarbeidarane er opptatt av å tilpasse tilbod etter ønske frå ungdommen, så det kan førekomma andre tilbod og aktivitetar når ungdommen fremmar ønskjer om det.

Kulturavdelinga har ei målsetting om å starte opp aktivitet også på Julsundet.





# ORGANISERING

## Miljøarbeidarane

Det er tilsett miljøarbeidarar i til saman 100 % prosjektstilling som varar ut juni 2026. Stillingane er organisert under kulturavdelinga. Miljøarbeidarane skal organisere og koordinere arbeidet og vere dei faste og trygge vaksne på møteplassar for ungdom i Aukra. MOT sine verdiar står sentralt i arbeidet og miljøarbeidarane skal vere inkluderande og bidra med å skape robust ungdom.

### Miljøarbeidarane sine oppgåver:

- Utarbeiding av årshjul for Open kveld og månadlege arrangement i samråd med ungdommen
- Dele informasjon i aktuelle kanalar som til dømes sosiale media
- Etablere samarbeid på tvers av lag og organisasjonar (FAU, NMK Aukra, Bygdekvinnelag, m.f.)
- Delta på møteverksemd i "Ung i Aukra" (SLT-møte på det utførande nivå)
- Årlege møter med foreldre og natteravnar/tryggleiksvakter (sjå årshjul i denne rutine)
- Brukarundersøkingar
- Søknadar om tilskot til inkludering av barn og unge, t.d hos Gjensidigestiftelsen, rusførebyggjande tiltak for barn og unge i Aukra, Bufdir, etc.
- Involvering av ungdom i arbeidet med møteplass for ungdom (til dømes ungdomsstyre)

### Mål og strekke seg etter:

- Opprette samarbeid med ungdommar for å få til ei ordning med at «ungdom hjelper ungdom».

## Foreldre og vaktordning

Det skal vere nok frivillige vaksne slik at både vakter og ungdommar føler seg trygge. Dei vaksne må vere bevisste si rolle om å vere ein trygg og god vaksen og som er vennleg i møte med ungdommen. Foreldrevaktene får eit honorar som er øyremerka klassesettur i 10. Trinn. Føljande punkt er naudsynt for å skape felles forståing og eit godt samarbeidsklima i arbeidet med å skape trygge og gode møteplassar for ungdom:

- Politikontakt informerer foreldre til ungdomsskoleelevar om trendar i ungdomsmiljøet og kva foreldre må bidra med i førebyggingsarbeidet. Dette skal gjennomførast i samband med foreldremøte ved skolestart.
- Som ei førebuing til hausten skal foreldre til elevar i 7. trinn delta på møte på vårhalvåret for orientering om foreldrevaktordning og gjennomgang av rutinen for møteplass for ungdom. Det vil også vere ulike tema knytt til desse møta som skal bidra til felles kunnskapsløft kring barn og unge.
- Alle er kjent med retningslinjene for møteplass for ungdom

Utan foreldrevakter vil det ikkje vere forsvarleg å gjennomføre Open kveld eller månadlege arrangement. Det er også viktig at det til ein kvar tid er ei natteravn-ordning eller tryggleiksvandring i sentrumsområda under dei ulike arrangementa.



## Samarbeidspartar

Viktige samarbeidspartar for arbeidet med møteplass for ungdom med fast vaksenperson er følgjande:

- Skole
- Foreldre og FAU
- Natteravn/tryggleiksvakter
- Ungdomslos
- SLT-koordinator
- Politikontakt
- Helsestasjon/skolehelsetenesta
- Psykisk helse og rus
- Andre tilsette
- Frivillige lag og organisasjonar

Kommunen sitt rammeverk for arbeid med barn og unge som bekymrar er BTI-modellen (betre tverrfagleg innsats). Aukra kommune har eigen BTI-handlingsrettleiing med handlingsløype frå bekymring til handling. Lenke til nettsida: [aukra.betreinnsats.no](http://aukra.betreinnsats.no)

Når ein er bekymra for ein ungdom blir det etablert samarbeid med skolen og eventuelt samtykke frå foreldre med nødvendig informasjon og/eller tiltak.

## Kartlegging av ungdommen sitt behov

Kulturavdelinga gjennomførte ei kartlegging av ungdommen sine ønskjer og behov knytt til møteplassar for ungdom i 2020. Dette materialet vart brukt som grunnlag for kva møteplassar og fritidstilbod som blei gitt i Aukra. I etterkant av dette er det gjort fleire liknande undersøkingar og evalueringar, men i mindre omfang. Undersøkingane bidreg til at kulturavdelinga yter tenester på ungdommen sine premisar.

Det aller viktigaste for ungdommen er følgjande:

- Ungdommen føretrekk uforpliktande møtestadar/drop-in tilbod utan krav til medlemskap eller forventa oppmøte
- Det har stor betydning at det er mange ungdommar som deltek for at dei sjølv skal delta.

Brukarundersøkingar bidrar til medbestemming og kvalitet på tenestene og vil vere ei viktig og prioritert oppgåve for miljøarbeidarane. Undersøkingane blir gjennomført på skolane ved hjelp av skolen sine tilsette.



# ÅRSHJUL

AKTIVITET	NÅR	ANSVARLEG
Open kveld	August - juni	Miljøarbeidarane i kulturavdelinga og foreldre
Månadleg arrangement	August - juni	Miljøarbeidarane i kulturavdelinga og foreldre
Etter skoletid	August - juni	Miljøarbeidarane i kulturavdelinga
Politikontakt informerer foreldre til 8. 9. og 10. trinn elevar om trendar i ungdomsmiljøet og kva foreldre må bidra med i førebyggingsarbeidet	Skolestart Veke 38 (tysdag)	Samarbeid mellom skole, FAU og kulturavdelinga
Som ei førebuing til hausten skal foreldre til elevar i 7. trinn delta på møte for orientering om foreldrevaktordning og gjennomgang av rutinen for møteplass for ungdom. Det vil også vere ulike tema knytt til møta som skal bidra til felles kunnskapsløft kring barn og unge	Skoleslutt Veke 23 (onsdag)	Miljøarbeidarane i kulturavdelinga, SLT-koordinator, FAU
Besøk i ungdomsskoletrinna for brukarundersøking til bruk i årsplan, for og bli kjent med ungdommen og for marknadsføring av møteplass for ungdom	Skolestart og ved behov	Miljøarbeidarane i kulturavdelinga
Deltaking i SLT-møta "Ung i Aukra"	Fire møter i året, to på vårhalvåret og to på hausthalvåret	Miljøarbeidarane i kulturavdelinga



# RETNINGSLINJER FOR OPEN KVELD

## Retningslinjer som gjeld for ungdomsarrangement i regi av kommunen

### Ungdommane:

- Arrangementet er for ungdom frå 8. klasse til og med 17 år i Aukra kommune
- Arrangementet er rusfritt
- Alle skal vere hyggeleg med kvarandre
- Bruk av el-sigarett, snus og sigarettar er ikkje lov
- Regelverk for kulturhuset er gjeldande

### Ved brot på reglar:

- Ved mistanke om rus, vald, mobbing eller hæververk, varsle arrangementsansvarleg om kva som har skjedd og kven som har vore involvert.
- Ungdommen vert tatt til side og snakka til av vaktansvarleg. Vakta seier kva den har observert (lukt, syn og så vidare) og konfronterer ungdommen. Treng ikkje handfast bevis.
- Bruk av rusmiddel eller tilfelle av mobbing, vald eller hæververk – vedkommande blir vist bort frå området resten av kvelden, og utestengt frå arrangementet i 14 dagar.
- Vaktansvarleg tek kontakt med føresette og informerer dei, samt at dei blir oppfordra til å hente ungdommen. Ta vare på ungdommen til foreldra kjem.
- Ved bruk av el-sigarett, snus og sigarett blir ein utvist den kvelden.

### Dei vaksne:

- Formøte/brifing - Bli kjent med kvarandre og få til eit godt samarbeid for kvelden
- Det skal vere fokus på tryggleik og at alle ungdommar er inkludert og har det kjekt
- Lag god stemning med dempa belysning og musikk
- Finne fram spel og utstyr
- Det er foreldrevaktene som skal rydde og vaske saman med ungdommane

#### Viktige telefonnummer:

Politi: 08200

Politi naudtelefon: 112

Legevakt: 116 117

Barnevernsvakt i Molde: 97601616

#### Kontaktinformasjon:

Jenny Småge: 93456858

Berit Midthaug: 93267259

Bent-Rune Stangeland: 95148059

Anne Jorunn Sandøy: 95907055